



Hordaland Fylkeskommune

Etne, 06.11.2017

Dykkar ref.: Vår ref.:
Matti Arkivsaknr:16/836
Torgersen Journalpostnr:17/10655

Arkiv:
N - 700

Sakshandsamar:
OIV

Nasjonal transportplan 2018 - 2029 - Innspel til høyringsfråsegn frå fylkeskommunen til handlingsprogrammet.

Ein viser til handlingsprogrammet til NTP 2018-2029 og Etne kommune har følgjande innspel:

Handlingsprogrammet inneheld mange tiltak som vil få positive konsekvensar for Etne kommune.

1. I Handlingsprogrammet er det framlegg om utbetringar til gul stripe E134 Ølen – Etne. Det er avgjerande for Etne kommune å få på plass gode trafikksikringstiltak medan ein ventar på ny veg, Bakka-Solheim. I dette tiltaket ligg Etne kommune sitt høgaste prioriterte trafikksikringstiltak gjennom alle år, Mørkelikrysset. Etne kommune ber om at Mørkelikrysset på E 134 vert utbetra i 2018. Planane er klare.
2. Etne kommune er bekymra over å ha ein europaveg gjennom sentrum. Trafikken aukar og prognosane seier 30% auke når Rogfast står ferdig i 2025. Sentrum treng trafikksikringstiltak som sikrar gåande og syklande på begge sider av vegen. Det må derfor sikrast midlar til Haugalandspakken slik at fortau kan stå ferdig før Rogfast er eit faktum.
3. E134 Bakka -Solheim har 40 km godkjend kommunedelplan og går utanom to kommunesenter, gjennom store deler av Vindafjord og Etne kommunar. Bakka-Solheim blei ikkje nemd i NTP. Vi saknar midlar til detaljregulering av E134 Bakka – Solheim.
4. Etne kommune er oppteken av at E134 vert prioritert som aust-vest korridor og ser positivt på prioritering av ny tunnel Seljestad-Røldal som første steg på vestsida.

Siri Klokkestuen
Ordfører



Med helsing

Odd Inge Vestbø
rådgjevar plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

E134 Haukelivegen AS, Børge Skårdal
Eiksrud, Marte Hagen
Samarbeidsrådet i Sunnhordland
Torgersen, Matti